

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 6. desember 2019 11:46  
**Til:** Johann Roppen  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 43/2019, 6. DESEMBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 43/2019, 6. DESEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### STUDENTHEIMANE PÅ HELTNE: FØLG MED PÅ BYGGINGA

Bygginga av andre byggesteg på studentheimane kan du følgje med på her:

<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

### MEDIEFAG: 10 VOLDASTUDENTAR FÅR PRAKSIS I SILICON VALLEY

Mediestudentar i Volda får også dei neste åra høve til å ha praksis i Silicon Valley. Det er klart etter at HVO/Avdeling for mediefag har fått ei løyving på kr 300.000 til vidareføring av dette tiltaket gjennom ordninga "InternAbroad". Det er inntil 10 mediestudentar som kan få støtte gjennom ordninga i åra 2020-2023. Pengane har kome frå DIKU (Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning). Søknaden vart utarbeidd av førstelektor Tormod Utne på AMF og Arne Humberstet, leiar for internasjonalt kontor.

### STYREMØTE: BUDSJETT PÅ 376 MILLIONAR KRONER

På siste styremøte før jul vedtok høgskulestyret budsjettet for 2020. Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet vert i 2020 ca 376 millionar kroner, mot ca 360 millionar kroner i 2019. Høgskulen budsjetterer i tillegg med bidrags- og oppdragsinntekter i 2020 på nærare 40 millionar kroner. I den interne fordelinga er det overført 1,5 mill frå avdelingane til fellesadministrasjonen. Pengane skal blant anna brukast til eit årsverk som skal gi opplæring og støtte til fagtilsette i "undervisningsnære" datasystem.

### STYREMØTE (2): HELD FRAM MED VIDEOSTRØYMING

Høgskulestyret har vedteke å halde fram med å videostrøyme frå styremøta. Spørsmålet var oppe til drøfting i saka om forretningsorden for styremøte og eit klart fleirtal gjekk inn for å halde fram med å strøyme frå møta. Men video frå styremøta kjem berre til å vere tilgjengeleg frå møtet og fram til protokollen frå møtet er godkjent, og det betyr i praksis eit par veker etter styremøtet.

### STYREMØTE (3): STYRET VIL HA STRATEGISEMINAR

Høgskulestyret drøfta på styremøtet strategiarbeid i 2020. Styret ønskjer å ha eit ekstra styreseminar berre for styret for å diskutere strategi, og møtet er datofesta til 24. april. Det er også muleg at styret vil ha eit ekstra strategimøte 10. juni. Desse to datoane vert altså i tillegg til dei alt vedtatte møtedatoane. Her er oversyn over representantar, møteplan og styrepapir for høgskulestyret på våre nettsider:

<https://www.hivolda.no/om/hogskulestyret>

### STYREMØTE (4): ETATSTYRINGSMØTE I VOLDA

Kunnskapsdepartementet vil besøke Høgskulen i Volda i samband med etatstyringsmøtet for 2019, så etatstyringsmøtet blir halde på Høgskulen i Volda 4. juni 2020. På møtet skal høgskulen stille med 6-7 representantar. Direktør og rektor er obligatoriske deltakarar og i tillegg skal både eksterne styremedlemmer, studentrepresentantar i styret og tilsettere representantar i styret vere med i delegasjonen. Styret peikar ut dei som skal vere med i delegasjonen seinare.

### **STYREMØTE (5): FINANSIERING AV "VEKSELSTRØM" ER PÅ Plass**

Ombygginga av Strøm-auditoriet, prosjekt "Vekselstrøm" har fått 3 mill frå Kunnskapsdepartementet, men resten må høgskulen betale sjølv. Høgskulestyret vedtok i styremøtet 5. desember å løyve 1,3 mill frå investeringsbudsjettet og å trekke inn 2,2 mill frå avsetningane på avdelingane og i fellesadministrasjonen for å betale for prosjektet. Økonomi/eigedom vil i januar kunngjere anbodet på ombygginga som etter planen skal starte i mars 2020.

### **STYREMØTE (6): BACHELOR I RELIGION OG LIVSSYN VERT IKKJE LYST UT**

Høgskulestyret vedtok i møte 5.12.2019 å ikkje lyse ut bachelor i religion og livssyn for studieåret 2020/2021. Studiet har hatt få søkjarar og studentar dei siste åra, men fagmiljøet arbeider no med ein ny modell for studiet.

### **STYREMØTE (7): TEK IKKJE OPP STUDENTAR PÅ BACHELOR I MEDIEDSIGN**

Det blir ikkje teke opp studentar på bachelor i mediedesign ved Avdeling for mediefag studieåret 2020/2021. Bachelorutdanninga blir ikkje lagt ned, men framtida til studiet vil bli vurdert det komande året.

### **PHD-UTVALET: POSITIV EIGEN-EVALUERING AV PHD-PROGRAMMET**

Ph.d.-programmet "Helse og sosial: Profesjonsutøving - vilkår og utvikling" er ein fellesgrad for Høgskulen i Molde og Høgskulen i Volda og har no vore i drift i fire år. Programmet har eit felles doktorgradsutval der både Molde og Volda er representert. Doktorgradsutvalet skal i sitt neste møte behandle ein intern evalueringsrapport av doktorgradsprogrammet. I all hovudsak er rapporten positiv til arbeidet med doktorgraden og framhevar blant anna mange samlokaliserte stipendiatar og felles forskingsgrupper som verdifulle eigenskapar ved programmet. Det er ca 25 som har vorte tekne opp på programmet og så langt er det 3 som har disputert - alle i Molde. Dei første "eigne" disputasane ved Høgskulen i Volda kjem vonleg i 2020.

Her er nettsidene til ph.d.-programmet: <https://www.hivolda.no/phd/phd-helse-og-sosialfag>

### **STØTTE TIL FORSKINGSGRUPPER: SØKNADSRIST 24. JANUAR**

Fungerande forskingssjef Ola Teige har lyst ut midlar til støtte til forskingsgrupper for 2020. Søknadsfristen er 24. januar, og det er forskingsadministrasjonen som tildeler midlane ut frå kriterier sett av Forskingsutvalet.

Les meir om støtte til forskingsgrupper: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling-0/stotteordningar>

Her er forskingsgruppene på HVO: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling-0/forskningsgrupper>

### **UH NETT VEST HAR TILDELT FORSKINGSMIDLAR**

På styremøte i UH Nett Vest 29. november vart det tildelt forskingsmidlar. Tildelinga var i tråd med innstillinga frå forskingsutvalet i UH Nett Vest. Prosjekt i UH Nett Vest skal ha deltakarar frå minst tre av institusjonane som deltek i UH Nett Vest. <https://uhnettvest.no/sok-forskningsmidler/>

Eitt prosjekt som fekk støtte har prosjektleiar frå Volda: "Styrking av fagleg skjønn i barnevernet." med Kåre Heggen, ASH, som prosjektleiar. Prosjektet er eit samarbeid mellom forskarar frå HVO, HVL og UiA. Prosjektet fekk kr 150.000 og Silje Dahl er deltakar i prosjektet.

Tre andre prosjekt har deltakarar frå Høgskulen i Volda:

- Systematisk observasjon i videobasert rettleiing av lærarstudentar i praksis. Kr 180.000. UiS, HVL og HVO. Prosjektleiar er Sigrun K. Ertesvåg, professor ved UiS og professor II ved HVO. Deltakarar frå HVO er Siv M. Gamlem og Stine Ekornes.
- Impact of public authorities and educational technology on development of professional digital competence in teacher education and schools. Kr 150.000. UiS, NLA, UiB og HVO. Deltakarar frå HVO er Kjetil Høydal, Synnøve Amdam og professor II Rune J. Krumsvik.
- Kunnskapsbehov i institusjonsbarnevernet. Kr 160.000. HVL, UiS, UiA og HVO. Deltakarar frå HVO er Silje Dahl og Ellen Aarseth.

### **PUBLISERING (1): INTERNASJONAL SAMPUBLISERING: VOLDA OG CARDIFF-ARTIKKEL**

Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag, har eit strategisk forskingssamarbeid med Cardiff University innan sosialfag. Eitt resultat av samarbeidet er ein artikkel i Routledge-tidsskriftet European Journal of Social Work: "New Public Management og profesjonell autonomi i barnevernet i Norge og Wales: synspunkt fra praksis".

Medforfattarar er

Alf Roger Djupvik, Vidar Myklebust og Tor-Johan Ekeland frå Høgskulen i Volda og Andy Pithouse og Charlotte Brookfield frå Cardiff School of Social Sciences, Cardiff University. Lenke til artikkelen:

<https://doi.org/10.1080/13691457.2019.1693338>

#### **PUBLISERING (2): "NYTT" TIDSSKRIFT MED MANGE VOLDA-BIDRAG**

I siste utgåve av tidsskriftet Nordisk tidsskrift for utdanning og praksis er hovudtema "Assessment - Mentoring - Teacher Education". Professor Siv M. Gamlem er ein av tre bindredaktørar. Ho har også fått publisert ein artikkel i tidsskriftet i lag med stipendiat Kim-Daniel Vattøy og Torhild Erika Lillemark Høydalsvik har også ein artikkel i denne utgåva av tidsskriftet. Tidsskriftet heitte tidlegare "FOU i praksis", men skifta namn 1. september 2019. Professor Kåre Heggen ved Høgskulen i Volda sit i redaksjonsrådet til tidsskriftet. Her er lenke til siste utgåve:

<https://utdanningogpraksis.no/index.php/up>

#### **PUBLISERING (3): SAMPUBLISERING: MOLDE, VOLDA OG POLITIHØGSKOLEN**

Førsteamanuensis Kjartan Leer-Salvesen ved Høgskulen i Volda har saman med Solveig Karin Bø Vatnar (Høgskolen i Molde) og Morten Holmboe (Politihøgskolen) publisert ein artikkel i "Tidsskrift for familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål": "Avverging av mishandling i nære relasjonar - en flerfaglig tilnærming".

[https://www.idunn.no/tidsskrift\\_for\\_familierett\\_arverett\\_og\\_barnevernrettslige\\_sp/2019/02/avverging\\_av\\_mishandling\\_i\\_naere\\_relasjoner\\_en\\_flerfaglig](https://www.idunn.no/tidsskrift_for_familierett_arverett_og_barnevernrettslige_sp/2019/02/avverging_av_mishandling_i_naere_relasjoner_en_flerfaglig)

#### **PUBLISERING (4): NORDISK TIDSSKRIFT FOR PEDAGOGIKK OG KRITIKK: NORDVIK REITE OG HAUG**

Gunhild Nordvik Reite og Peder Haug har publisert ein artikkel i "Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk": "Conditions for academic learning for students receiving special education". Lenke til artikkelen.

<https://doi.org/10.23865/ntpk.v5.1640>

#### **PUBLISERING (5): TIDSSKRIFT FOR VELFERDSFORSKING: BÅTEVIK ER MEDFORFATTAR**

Finn Ove Båtevik, ASH, er medforfattar på artikkelen 'Gjestar som blir'. Artikkelen er publisert i Tidsskrift for Velferdsforskning:

[https://www.idunn.no/tidsskrift\\_for\\_velferdsforskning/2019/04/gjestar\\_som\\_bli](https://www.idunn.no/tidsskrift_for_velferdsforskning/2019/04/gjestar_som_bli)

#### **PUBLISERING (6): TIDSSKRIFT FOR PSYKISK HELSEARBEID: STOKKEN OG HUNNES**

Roar Stokken og Knut Hunnes, ASH, har fått publisert artikkelen 'Den gode tverrprofesjonelle samarbeidaren.' publisert i Tidsskrift for psykisk helsearbeid.

[https://www.idunn.no/tph/2019/04/den\\_gode\\_tverrprofesjonelle\\_samarbeidaren](https://www.idunn.no/tph/2019/04/den_gode_tverrprofesjonelle_samarbeidaren)

#### **PUBLISERING (7): SVENSK HISTORISK TIDSSKRIFT: OLA TEIGE ER MEDFORFATTAR**

Ola Teige, Nik Brandal og Eirik Brazier har fått publisert ein oversiktsartikkel (Review essay) i siste nummeret av Svensk historisk tidsskrift, som er eit temanummer om fred. Artikkelen er tilgjengeleg i papirversjonen av tidsskriftet, men vert ikkje publisert i nettversjon før om eit halvt år.

#### **FØRSTE ALUMNI-SAMLING PÅ IPAS: POPULÆRT MØTE FOR TIDLEGARE STUDENTAR**

Oppstartssamling for Alumni – IPAS vart godt besøkt av både tidlegare og noverande studentar. – Dette er heilt klart noko å bygge vidare på, meiner førstelektor Magnar Hjertenæs.

<https://www.hivolda.no/nyhende/populaer-forste-alumnisamling>

#### **TEK STRØM-TAKET: INNGANGEN TIL HANS STRØM-HUSET (MOT BK) BLIR STENGT**

Taket over inngangsdøra i Hans Strøm-huset står for fall. I samband med bygging av nytt mediehus skal taket rivast og arbeidet startar onsdag 11. desember og skal vere ferdig måndag 16. desember. Under riving og rydding vert både inngangsdøra og møterom 314 stengt for bruk. Inngangsdøra i første høgda i Strøm-huset er tilgjengeleg. Hugs også at du kan sjå til [www.hivolda.no/mediebygg](http://www.hivolda.no/mediebygg) for siste nytt, byggemeldingar og kontaktinformasjon for spørsmål eller liknande i byggeperioden.

#### **STUDENTOMBODET: INGEN SAKER FRÅ VOLDA**

Høgskulen i Volda har i haust inngått avtale med Høgskulen på Vestlandet om å dele på tenesta som studentombod. Så langt har ikkje studentombodet fått nokon saker frå studentane ved Høgskulen i Volda. Her er informasjon om studentombodet på høgskulens nettsider:

<https://www.hivolda.no/studentliv/studentvelferd-ei-trygg-og-god-studietid-volda/studentvelferd-kurs-og-arrangement-0>

## **210 PÅMELDE PÅ JULEBORDET**

No er påmeldingsfristen for årets julebord ute, og det er heile 210 påmelde. Det er 15 fleire enn i fjor. Julebordet blir arrangert av AKF.

## **HVO-JULEKORT - PÅ PAPIR**

Dei som ønskjer å sende julekort med HVO-motiv finn nokre få julekort i hylla i gangen i BK 3. etasje. Om det blir rift etter julekorta og det trengst fleire, så ta kontakt med Tone Solhaug på kontor for kommunikasjon.

## **DATOAR FOR JULEAVSLUTNINGAR OG JULELUNSJAR 2019**

Mange einingar på HVO markerer semesterslutt med ein julelunsj eller andre samkomer. Her er dato og tid for nokre av dei:

Felles julebord, arrangert av AKF: Fredag 13. desember.

AKF: Tysdag 17.12. kl 15.00

AMF: Onsdag 18.12. kl 14.00

AHL: Onsdag 18.12. kl 13.00

ASH: Torsdag 19.12. kl 13.00.

Fellesadministrasjonen: Torsdag 19.12. kl 12.00.

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

28.-29.1.2020: Avdelingsseminar AMF

5.3.2020: Styremøte 1/2020

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: Fjordkonferansen 2020 [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

## **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

Orientering til høgskulestyret, 5.12.2019

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/12/05/orientering-til-hogskulestyret-5-12-2019/>

Bør HVO eller AHL? - få eit eige ph.d. program? (2.12.2019)

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/12/02/bor-hvo-eller-ahl-fa-eit-eige-ph-d-program/>

Adventskonserten 2019: Ei gåve til bygda (3.12.2019)

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/12/03/adventskonserten-2019-ei-gave-til-bygda/>

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Bygginga av nye studentheimar, videokamera: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

